

Hjelp for Ordrik

Samandrag



Ordrik®, versjon 2, er ei samling ordbøker som hjelper deg med å skrive betre norsk. Du får tilgang til ordbøkene gjennom eit felles brukargrensesnitt og du kan velje kva ordbøker du vil slå opp i.

Denne brukarretteiinga er felles for dei ulike ordbøkene i *Ordrik*. Kvar ordbok har sitt eige punkt som omtaler det som er spesielt for denne ordboka. Leietekstane i programmet kan bli vist både på bokmål og nynorsk. I denne brukarretteiinga har alle skjermbilete nynorsk tekst.

Table of Contents

Kom raskt i gang	1
Søk	1
Typiske brukssituasjonar	2
Innstillinger	3
Funksjonar i Ordrik	4
Kven kan bruke Ordrik?	4
Bruk av Ordrik®	6
Oppslag	6
Resultat	6
Basisinformasjon i Ordrik	8
Oppslag med bøygde former	8
Ordforklaring	8
Bøying	8
Utvida bøying	9
Nære synonym	11
Homonym	12
Språkmal	13
Historiske data	14
Tilleggsinformasjon enkeltordbøker	18
Standardinnstillinger	18
Ordrik – nynorsk ordbok	18
Ordrik – bokmål ordbok	21
Ordrik – bokmål til nynorsk ordbok	21
Ordrik – nynorsk synonymordbok	25
Oppslag på tvers av ordbøker	28
Innstillinger	30
Utval av ordbøker	32
Brukargrensesnitt	32
Innstillinger søkeresultat	34
Innstillinger på høgreklikk	35
Tekniske krav	36
Om Ordrik	37
Rettsshavar	37

Godkjenning	37
Kjelder	37
Forkortingar	38
Nynorsk minigrammatikk	40
Ordklasser	40
Lukka ordklasser	40
Opne ordklasser	42
Bokmål minigrammatikk	50
Ordklasser	50
Lukka ordklasser	50
Åpne ordklasser	52

Kom raskt i gang





Ordrik®, versjon 2, er ei samling elektroniske ordbøker som hjelper deg å skrive betre norsk. Du kan slå opp i ordbøkene *Ordrik - bokmål*, *Ordrik - nynorsk*, *Ordrik - bokmål til nynorsk* eller *Ordrik - nynorske synonym*.

Du kan sjølv velje kva ordbok du vil slå opp i, ei, to eller alle. Du kan også velje kor mykje informasjon du treng frå kvar. Når du tek i bruk *Ordrik* første gongen, er det standardinnstillingane som gjeld.

Søk

Skriv inn ordet du vil søke etter i ruta øverst. Trykk på knappen . Resultatet er avhengig av kor mange ordbøker du bruker og innstillingane dine. Kvar ordbok blir vist i ein eigen seksjon. Du kan endre informasjonsmengda gjennom å høgreklikke i resultatet.

The screenshot shows the Nynorsk dictionary interface. At the top, there is a search bar with the word "høgskole" and a "Slå opp" button. Below the search bar, the word "høgskole" is displayed with its grammatical information: "(ein høgskole) subst hankj eint ubf". A context menu is open over the word, listing options such as "Språkmål for 'høgskole'", "Nære synonym for 'høgskole'", "Ordforklaringar for 'høgskole'", "Bøyingsformer for 'høgskole'", "Historiske data for 'høgskole'", and "Informasjon om 'høgskole'". A sub-menu is also open over the "Bøyingsformer" option, showing "Skjul bøyning", "Vis standardbøyning", "Vis alle formene", and "Standardinnstilling". Below the context menu, the word "høgskole" is shown again with its grammatical information: "(en høgskole) subst hankj ent ubf".

Treng du meir informasjon, peik med musa på linja med ordet og klikk på ikonet for minigrammatikk , for nære synonym , ordforklaring , eller bøyning . Desse ikona er knappar der du slår av eller på visning av informasjonen.

Typiske brukssituasjonar

- *Du treng bøyning for eit ord.* Søk på ordet og du får resultatet i bokmål eller nynorsk ordbok, eller begge. Klikk på knapp for ordforklaring dersom du får tilslag på fleire ulike ord. Er ordet ukjent, sjå på forslaga til alternative ord. Kanskje har du skrive feil?
- *Du veit ikkje om eit ord er lovleg på nynorsk.* Søk på ordet. Dersom ordet ikkje finst, men er eit bokmålsord, får du automatisk resultat frå ordboka *Bokmål til nynorsk*, i tillegg til bokmål. Du kan også slå direkte opp i denne ordboka.

- *Du vil variere språket i teksten. Slå opp i ordboka Nynorske synonym. Treng du bøyning eller ordforklaring, finn du dette på knappar under kvart ord i resultatet.*

Innstillinger

På menyvalet Innstillinger kan du tilpasse søket etter behovet. Alternativt kan du høgreklikke på kvar del av søkeresultatet for å endre.

Standardinnstillinger for kvar ordbok er sett ut frå boka si eigenart:

Informasjon	Bokmål	Nynorsk	Bokmål til nynorsk	Nynorske synonym
Ord	Ja	Ja	Ja	Ja
Bøyning	Ja	Ja	Nei	Nei
Nære synonym	Ja	Ja	Ja	Nei
Ordforklaring	Nei	Nei	Nei	Nei

Funksjonar i Ordrik

Dette gjer *Ordrik*:

- slår opp bøygde former. Du treng altså ikkje lenger finne tilbake til den ubøygde forma, slik som i trykte ordbøker.
- viser alle bøyingsformer for ordet som fulle former, ikkje berre endingar.
- alle bøyingsformene er tilgjengeleg, også dei som ikkje står i trykte ordbøker.
- viser ordforklaringar.
- viser nære synonym. Dette er ord som har identisk tyding, men som har alternative skrivemåtar, for eksempel *høyskole/ høgskole* på bokmål og *komme/ kome* på nynorsk.
- viser alternative bøyingsformer, som *kastet/ kasta* for bokmål og *skrive/ skriva* for nynorsk.
- viser nynorskord for bokmålsord (gjeld ordboka *Bokmål til nynorsk*). Ofte kan du velje mellom fleire nynorskord.
- slår opp ordet i alle ordbøkene du har valt.
- brukarstyrde innstillingar for kor mykje informasjon som blir vist og korleis han blir vist.
- kan vise informasjon frå andre ordbøker dersom ordet er ukjent i den ordboka du søker i.

Oppdatert informasjon om kva ordbøker som er tilgjengeleg i *Ordrik* finn du på www.nynodata.no/ordrik.

Kven kan bruke Ordrik?

Alle som ønskjer å finne ut korleis eit ord blir skrive eller tyder, kan bruke *Ordrik*. Fordi programmet blir installert på den lokale maskina, kan også

elevar bruke det til skriftlege eksamenar. Les meir om ulike bruksområde på www.nynodata.no/ordrik.

Bruk av Ordrik®







Du kan starte *Ordrik* med ikon  frå Skrivebordet eller frå Programmenyen.

Når du har starta, kjem det opp ei informasjonsside som viser status på installasjonen din, kva ordbøker som er tilgjengeleg og lenkjer til oppdatert informasjon om programmet. Denne sida blir borte etter fyrste søk, men kan hentast fram igjen på menyen Hjelp.

Programmet kan regulerast og plasserast der du vil på skjermen, slik at det er ute av vegen når du skriv. Du kan også minimere det og hente det opp når du treng det.

Oppslag





Øvst står eit søkjefelt der du må taste inn ordet du vil slå opp. Du kan søkje med både bøygde og ubøygde former. Etter kvart som du tastar inn ordet, får du sjå aktuelle ord på ei nedtrekksliste. Du kan velje mellom desse eller taste inn heile ordet. Skriv du feil eller ordet ikkje finst i ordbøkene, kjem det som oftast opp forslag til korrekt ord.






Resultatet etter søket inneheld felles basisinformasjon for ordbøkene, pluss særinformasjon for kvar enkelt. I standardinnstillingane er omfanget av den informasjonen som blir vist med ein gong, noko ulik. Dette blir kommentert i gjennomgangen av kvar ordbok. Peik på resultatordet og du får opp ei menylinje til høgre, med knappar som slår på og av informasjonen. Klikk på  for nære synonym,  for ordforklaring og  for bøyning. Nære synonym vil seie ord som tyder nøyaktig det same, men som har ulik skrivemåte.  Koplar deg til minigrammatikk for den aktuelle ordklassa. Til høgre på linja for ordbokstittelen ligg det i tillegg ikon for å utvide  eller krympe  informasjonsmengda.

Resultat

Etter eit søk i nynorsk ordbok på ordet *ministeren*, ser resultatet slik ut med all basisinformasjon vist:

← → ministeren Slå opp

 Nynorsk   

ministeren (*ein minister*) subst hankj eint bf     

		subst hankj
eint ubf	<i>ein</i>	minister
eint bf	<i>den</i>	ministeren
fl ubf	<i>fleire</i>	ministrar
fl bf	<i>alle</i>	ministrane

Basisinformasjon i Ordrik

Bokmål ordbok og Nynorsk ordbok har med all basisinformasjon som er relatert til det enkelte ordet. Dei andre ordbøkene har tilgang til den same informasjonen, men viser primært det som er spesielt for ordboka, anten synonym eller nynorskord for bokmålsord.

Oppslag med bøygde former

I *Ordrik* kan du også slå opp bøygde former, i tillegg til at du kan søkje på ubøygde ord som i ei vanleg trykt ordliste. Det er som oftast bøygde former som blir brukte i tekstane. Du treng altså ikkje finne tilbake til den ubøygde forma før du slår opp. Oppslag på nynorsk av *elev*, *eleven*, *elevane* eller *elev* viser alle den same informasjonen om ordet *elev*.

Alle orda du får tilbake er også bøygde former. Du kan i tillegg få vist dei andre bøyingsformene av ordet.

Ordforklaring

Ein meir detaljert omtale av ordet får du gjennom ordforklaring. Dette er særleg nyttig når du skal slå opp ord som ikkje er så mykje brukt, for eksempel ordet *tele*. Då ser du at ordet tyder *frose jordlag*, *klake*. Det kan også ha ei anna grunntyding: *person frå Telemark*; *telemarking*.

Bøying

Dei fleste har behov for å vite korleis eit ord blir bøygt. Alle substantiv, verb og adjektiv har informasjon om bøyingsformene. I tillegg får du hjelpetekstar som viser kva forma heiter og korleis ho blir brukt. I staden for å vise *elev -en, -ar, -ane* som i trykte ordbøker, viser vi:

		subst hankj
eint ubf	<i>ein</i>	elev
eint bf	<i>den</i>	eleven
fl ubf	<i>fleire</i>	elear
fl bf	<i>alle</i>	elevane

Bøyingsforma du har søkt med er markert i tabellen. Denne ekstra informasjonen gjer det lettare å finne den forma du treng og sjå korleis ho blir brukt.

Utvida bøyning

For verb og adjektiv kan du også få vist utvida bøyingsinformasjon. Dette er informasjon som andre ordbøker normalt ikkje inkluderer og som derfor er vanskeleg å finne.

Adjektivet *blå* har som standardinformasjon:

		adj	- +
pos hankj ubf eint	<i>ein</i>	blå	(subst hankj)
pos hokj ubf eint	<i>ei</i>	blå	(subst hokj)
pos inkjekj ubf eint	<i>eit</i>	blått	(subst inkjekj)
pos fl	<i>dei</i>	blåe/ blå	(subst)

Utvida informasjon for blå:

		adj	- +
pos hankj ubf eint	<i>ein</i>	blá	(subst hankj)
pos hokj ubf eint	<i>ei</i>	blá	(subst hokj)
pos inkjekj ubf eint	<i>eit</i>	blátt	(subst inkjekj)
pos fl	<i>dei</i>	bláe/ blá	(subst)
komp		bláare	
sup ubf		bláast	

Verbbøyinga har to bøyingsnivå. Som standard ser du dei fire formene som vanlegvis står i ordbøker. På nivå 2 får du vist dei adjektiviske verbformene, der verbet blir brukt som eit adjektiv saman med eit substantiv. I tillegg viser vi her mindre brukte verbformer, som passiv og imperativ. Her er eksempel frå verbet *køyre*:

Standardformer

		verb - +
inf	á	køyre/køyra
pres	<i>i dag</i>	køyrer
pret	<i>i går</i>	køyrde
pres.perf.	<i>har</i>	køyrt

Alle former

		verb	- +
inf	å	køyre/køyra	
pres	<i>i dag</i>	køyrer	
pret	<i>i går</i>	køyrde	
pres.perf.	<i>har</i>	køyrte	
perf.part hankj	<i>ein</i>	køyrd	<i>(subst hankj)</i>
perf.part hokj	<i>ei</i>	køyrd	<i>(subst hokj)</i>
perf.part inkjekj	<i>eit</i>	køyrte	<i>(subst inkjekj)</i>
perf.part bf	<i>den/det</i>	køyrde	<i>(subst)</i>
perf.part fl	<i>dei</i>	køyrde	<i>(subst)</i>
passiv	<i>kan/skal</i>	køyrast	
pres.part		køyrande	
imp		køyr	

Nære synonym


Nære synonym er ord som har identisk tyding, men som har alternative skrivemåtar. Bakgrunnen for dette er bruken av ulike former i dialektane, og skriftspråket speglar talemålet.





I *Ordrik* blir nære synonym vist saman med ordet, som lenkje. Ved å klikke på lenkja, får du vist bøyingsinformasjonen. Eksempel *brudelys*:

		subst inkjekj
eint ubf	<i>eit</i>	brudelys
eint bf	<i>det</i>	brudelyset
fl ubf	<i>fleire</i>	brudelys
fl bf	<i>alle</i>	brudelysa

Homonym

Ei stor gruppe ord og former i norsk kan ha ulike tydingar, sjølv om dei blir skrivne likt. Som oftast, men ikkje alltid, har dei ulike ordklasser. I *Ordrik* viser vi kvar tyding for seg saman med ordklasse, slik:

← → ▾ kastar Slå opp 

 Nynorsk   

kastar (ein kaste) subst hankj fl ubf

1. (indisk) samfunnsklasse
2. overført: skarpt avgrensa stand

Kjelde: Nynorskordboka

kastar (ein kastar) subst hankj eint ubf

1. person som kastar (noko)
2. reiskap, apparat til å kaste noko med

Kjelde: Nynorskordboka

kastar (å kaste) verb pres

1. hive, slengje
2. setje fiskereiskap i sjøen; vrake
3. lyfte, flytte, slengje brått; gjere brå rørsle; slå over ende, styrte
4. slengje, leggje frå seg; forlate, vrake
5. sleppe, miste, gje frå seg
6. jage, hive ut med makt; dyngje; flytte med hendene
7. sende (ut); føre over på; gje frå seg
8. fryse til, få eit islag, krave

Kjelde: Nynorskordboka

Språkmal

Både bokmål og nynorsk har mange valfrie ord- og bøyingsformer. Mange av desse blir brukt bevisst for å uttrykke ein språkleg stil. Det er ikkje uvanleg at eit offentleg kontor eller ei bedrift vel å bruke nokre ord framfor andre eller prioritere visse bøyingsformer. Det same gjeld forlag som gir ut lærebøker. NRK og Aftenposten er eksempel på medieselskap som har ein fast språkprofil.

Typiske stilmarkørar for bokmål er val av hankjønn- eller hokjønnsformer på substantiv med felleskjønn (*boken eller boka*), og preteritum av a-verb på -et eller -a (*kastet eller kasta*). Eksempel på stilmarkørar for nynorsk er a- eller e-infinitiv (*køyra eller køyre*) og dobbel eller enkel m i bøygde former (*medlemmen eller medlemen*).

		subst hankj
eint ubf	<i>ein</i>	medlem
eint bf	<i>den</i>	medlemen/medlemmen
fl ubf	<i>fleire</i>	medlemer/medlemar/medlemmer/medlemmar
fl bf	<i>alle</i>	medlemene/medlemane/medlemmene/medlemmane

I Ordrik ligg det språkmal for nynorsk, der du kan velje mellom konservativt, moderat eller radikalt språk. Den radikale malen er nærmast bokmål, og den konservative lengst frå. Språkmalen *Moderat nynorsk* ligg midt imellom. Ingen ord eller bøyingsformer blir fjerna når du bruker språkmalen, men dei valfrie orda blir markert med ulik farge. Du kan endre markeringsfarge på ein eigen fargepalett dersom du ønskjer det.

← → barneskule Slå opp

Nynorsk (markert tekst: moderat nynorsk)

Oppslagsordet er ikkje tilrådd i aktiv språkmal, viser alternativt ord:

barneskole (*ein barneskole*) subst hankj eint ubf

Sjå også: barneskule

		subst hankj
eint ubf	<i>ein</i>	barneskole
eint bf	<i>den</i>	barneskolen
fl ubf	<i>fleire</i>	barneskolar
fl bf	<i>alle</i>	barneskolane

Du kan slå av og på bruk av språkmal under *Innstillingar*, på fanen *Språkmal nynorsk*. I nedtrekksboksen her kan du velje mellom dei tre malane konservativ, moderat eller radikal nynorsk, og her kan du også velje markeringsfarge på dei valfrie orda. Du kan også slå av og på bruk av språkmal for enkeltord med høgreklikk.

Programbruk Språkmal nynorsk Historiske data

Bruk språkmal på resultatord Moderat nynorsk

Farge på ord tilrådd av språkmal Endre farge

Farge på ord som ikkje er tilrådd av språkmal Endre farge

Historiske data

Norsk er eit språk i utvikling og det er av og til nødvendig med endringar i rettskrivinga for å fange opp dette. Ulik vektlegging i offisiell språkpolitikk

påverkar også endringane. Den siste større reforma for bokmål kom i 2005 og den siste for nynorsk i 2012. Imellom dei store reformene blir det frå tid til anna gjort mindre endringar. Ordrik fangar til eikvar tid opp dei viktigaste endringane gjennom nye oppdateringar av programmet.

I Ordrik kan du få markert ord eller bøyingsformer som har fått endra normering i dei to siste reformene eller i tida etter. Denne informasjonen finn du med høgreklikk når du peikar på ordet. Har det skjedd ei endring, er alternativet *Historiske data* for «ord» aktiv. Vel *Vis* for å sjå kva som er endra.

Merk! Ordrik viser normalt berre ord som er lovleg i gjeldande rettskriving. Viser du historiske data, kan du få opp tilleggsord og former som har gått ut av rettskrivinga. Alle ulovlege former er markert med raudt og bør ikkje brukast.

Som standard får du følgjande markeringar:

- Grøn farge: Ordet har endra status frå ulovleg i gammal rettskriving til lovleg i ny.
- Raud farge med strek over ord: Ordet er ulovleg i ny rettskriving.
- Hakeparentes med raud farge: Ordet var sideform i gammal rettskriving og er ulovleg i ny. (Sideformer kunne før brukast av dei fleste, men ikkje i offentleg forvaltning og i lærebøker.)
- Hakeparentes med overstreking, normal farge: Ordet var sideform i gammal rettskriving, men er lovleg i ny.

← → røykjerom Slå opp

Nynorsk

røykjerom (eit røykjerom) inkjekj subst ubf **eint/fl**
 Sjå også: [røykerom]

		subst inkjekj
eint ubf	<i>eit</i>	røykjerom
eint bf	<i>det</i>	røykjerommet/[røykjeromet]
fl ubf	<i>fleire</i>	røykjerom
fl bf	<i>alle</i>	røykjeromma/[røykjeromi]/[røykjerommi]/ [røykjeroma]

← → kalender Slå opp

Bokmål

kalender (en kalender) subst hankj ent ubf

		subst hankj
ent ubf	<i>en</i>	kalender
ent bf	<i>den</i>	kalenderen
fl ubf	<i>flere</i>	kalendere/kalendre/kalendrer/[kalenderer]
fl bf	<i>alle</i>	kalenderne/kalendrene

Under *Innstillinger*, på fanen *Historiske data*, kan du endre fargemarkering på dei ulike alternativa.

Programbruk

Språkmal nynorsk

Historiske data

Farge på ord som var ulovleg i gammel norm, lovleg i ny

Endre farge

Farge på ord som var sideform i gammel norm, lovleg i ny

Endre farge

Farge på ord som er ulovlege

Endre farge

Tilleggsinformasjon enkeltordbøker

Ordrik, versjon 2, har fire ulike ordbøker, ei for bokmål og tre for nynorsk. Det er

Ordrik – bokmål ordbok. Inneheld basisinformasjonen. Søkjeord på bokmål.

Ordrik – nynorsk ordbok. Inneheld basisinformasjonen. Søkjeord på nynorsk.

Ordrik – bokmål til nynorsk ordbok. Inneheld basisinformasjonen. I tillegg har den kopling mellom bokmålsord og nynorskord. Søkjeord på bokmål gir nynorske alternativ.

Ordrik – nynorsk synonymordbok. Inneheld basisinformasjonen. I tillegg har den kopling mellom nynorskord med liknande meining, det ein kallar synonym. Søkjeord på nynorsk gir nynorske synonym.

Standardinnstillingar

Standardinnstillingane i programmet er tilpassa formålet og bruksområdet for kvar enkelt ordbok. Den viktigaste informasjonen blir vist først. Tilleggsinformasjonen er skjult, men kan hentast fram ved behov. Innstillingane kan endrast for kvar enkelt ordbok under menyen *Innstillingar*.

Ordrik – nynorsk ordbok

Ordrik – nynorsk ordbok har med basisinformasjon. Standardinnstillingane viser oppslagsordet saman med den ubøygde forma. I tillegg viser vi nære synonym, ordforklaringar og dei mest brukte bøyingsformene. Det vil seie:

Substantiv: Ubestemt og bestemt eintal og fleirtal *høgskole – høgskolen – høgskolar – høgskolane*.

← → høgskole Slå opp

Nynorsk

høgskole (*ein høgskole*) subst hankj eint ubf

Sjå også: høgskule

		subst hankj
eint ubf	<i>ein</i>	høgskole
eint bf	<i>den</i>	høgskolen
fl ubf	<i>fleire</i>	høgskolar
fl bf	<i>alle</i>	høgskolane

Verb: Infinitiv, presens, preteritum og presens perfektum, *leve/leva – lever – levde – levd/levt*.

levde Slå opp

Nynorsk


levde (å leve) verb pret





1. ha liv, vere til, eksistere
2. livnære, livberge seg
3. vere i ein viss tilstand el. på ein viss stad, ha det på ein viss måte, bu
4. stelle seg, bere seg åt
5. røre, lee seg, leike
6. vere aktuell, bli ståande, vare






Kjelde: Nynorskordboka

		verb - +
inf	å	leve/leva
pres	<i>i dag</i>	lever
pret	<i>i går</i>	levde
pres.perf.	<i>har</i>	levd/levt


Adjektiv: Positiv, med formene hankjønn, hokjønn, inkjekjønn og fleirtal, *snill – snill – snilt – snille*.

← → ▾ snilt Slå opp 

 Nynorsk   

snilt (snill) adj pos inkjekj ubf eint     

		adj	- +
pos hankj ubf eint	<i>ein</i>	snill	(subst hankj)
pos hokj ubf eint	<i>ei</i>	snill	(subst hokj)
pos inkjekj ubf eint	<i>eit</i>	snilt	(subst inkjekj)
pos fl	<i>dei</i>	snille	(subst)

Utvida bøyingsinformasjon og ordforklaring er tilgjengeleg ved behov. Peik på ordet og klikk på **+** for fleire bøyingsformer og  for ordforklaring.

Ordrik – bokmål ordbok

Ordrik – bokmål ordbok har med basisinformasjon. Standardinnstillingane viser oppslagsordet saman med den ubøyde forma. I tillegg viser vi nære synonym, ordforklaringar og dei mest brukte bøyingsformene. Dette er likt nynorsk ordbok, sjå detaljar i punktet over.

Ordrik – bokmål til nynorsk ordbok

Ordrik – bokmål til nynorsk ordbok er ei tospråkleg ordbok og har som formål å vise nynorskord for bokmålsord. Standardinnstillingane har derfor fokus på dette. Det meste av basisinformasjonen er skjult, men kan hentast opp ved behov.

Søk på ordet *gjestfriheten* gir dette resultatet med standardinnstillingar:

gjestfriheten

Bokmål til nynorsk

Nynorsk for: **gjestfriheten** subst hankj ent bf

gjestevennskapen/gjestevenskabet (ein/eit **gjestevennskap**)

Sjå også: gjestevenskapen/gjestevenskabet

gjestfridomen/gjestfridommen (ein **gjestfridom**)

sjenerøsiteten (ein **sjenerøsitet**)

gjestmilda (ei **gjestmilde**)

raustleiken (ein **raustleik**)

Den øvste linja viser bokmålsordet med grammatisk informasjon, som ordklasse og bøyingsform. Er du i tvil om kva ei forkorting tyder, peikar du på ho med musa og får fram forklaring, for eksempel står det *Ordklasse: Substantiv* når du peikar på forkortinga *subst*.

Under linja med informasjon om bokmålsordet finn du forslag til tilsvarende ord på nynorsk. I tillegg er mykje informasjon tilgjengeleg som du kan hente fram når det trengst. Peik på resultatordet og du får opp ei menylinje til høgre, med knappar som slår på og av informasjonen. Klikk på for minigrammatikk, for nære synonym, for ordforklaring og for bøying. Nære synonym vil seie ord som tyder nøyaktig det same, men som har ulik skrivemåte.

Sjå også viser ord som er nære synonym. Det vil seie ord som tyder nøyaktig det same, men som har ulik skrivemåte. Orda *gjestevennskapen* og *gjestevenskapen* er begge lovlege ord på nynorsk og du kan velje mellom dei. Nære synonym viser eller skjuler du med knappen .

Ordforklaring viser deg med andre ord kva ordet betyr.

← → gjestfriheten Slå opp

Bokmål til nynorsk

Nynorsk for: **gjestfriheten** subst hankj ent bf

gjestevenskapan/gjestevenskaket
(ein/eit gjestevenskap)
Sjå også: gjestevenskapan/gjestevenskaket

1. gjestmildskap
2. i eldre tid: ordning mellom personar med å bu og leve gratis hos kvarandre

Kjelde: Nynorskordboka

gjestfridomen/gjestfridommen **(ein gjestfridom)**
 sjenerøsiteten **(ein sjenerøsitet)**
 gjestmilda **(ei gjestmilde)**
 raustleiken **(ein raustleik)**

Her kan det vere fleire linjer med alternative tydingar av ordet. Ordforklaring hentar du fram når du treng å vurdere kva nynorskord som passar best i teksten du skriv.

Bøying. Her kan du sjå alle bøyingsformene ordet har:

← → gjestfriheten Slå opp

Bokmål til nynorsk

Nynorsk for: **gjestfriheten** subst hankj ent bf
 gjestevennskapen/gjestevennskapet

(ein/eit gjestevennskap)
 Sjå også: gjestevennskapen/gjestevennskapet

1. gjestmildskap
2. i eldre tid: ordning mellom personar med å bu og leve gratis hos kvarandre

Kjelde: Nynorskordboka



		subst hankj	subst inkjekj
eint ubf	<i>ein / eit</i>	gjestevennskap	gjestevennskap
eint bf	<i>den / det</i>	gjestevennskapen	gjestevennskapet
fl ubf	<i>fleire</i>	gjestevennskapar	gjestevennskap
fl bf	<i>alle</i>	gjestevennskapane	gjestevennskapa


gjestfridomen/gjestfridommen (**ein gjestfridom**)
 sjenerøsitet (**ein sjenerøsitet**)
 gjestmilda (**ei gjestmilde**)
 raustleiken (**ein raustleik**)


Oppe til høgre på tittellinja til ordboka står det 2 piler som peikar opp eller ned. Desse kan brukast til å hente fram all informasjonen på ein gong, eller å skjule alt.





Homonym

Homonyma er ei svært hyppig feilkjelde når ein skriv nynorsk. Dette er ord som på bokmål har fleire ulike meiningar og det er ikkje alltid lett å finne rett nynorskord. I eksempelet *hopper* under, ser vi at dette bokmålsordet har tre ulike tydingar. *Ordrik* viser alle tre alternativa på bokmål og tilsvarande nynorskord for

kvart av dei. Ordklasseinformasjonen er viktig for å kunne skilje mellom dei. Peik på ordet og klikk på  for bøyingsformer og  for ordforklaring dersom du treng meir hjelp til å velje.



← → ▾ hopper Slå opp 





 Bokmål til nynorsk   

Nynorsk for: **hopper** subst hankj ent ubf
hoppar (*ein hoppar*)


Nynorsk for: **hopper** subst hunkj/hankj fl ubf
hopper (*ei hoppe*)





Nynorsk for: **hopper** verb pres
hoppar (*å hoppe*)

Ordrik – nynorsk synonymordbok






Ordrik –nynorsk synonymordbok har som formål å vise synonym for nynorskord. Standardinnstillingane har derfor fokus på dette. Synonym er ord med same eller liknande mening. Det meste av basisinformasjonen er skjult, men kan hentast opp når det trengst. Peik på resultatordet og du får opp ei menylinje til høgre, med knappar som slår på og av informasjonen. Klikk på  for minigrammatikk,  for nære synonym,  for ordforklaring og  for bøying. Nære synonym vil seie ord som tyder nøyaktig det same, men som har ulik skrivemåte.

Søk på ordet *samarbeidet* gir dette resultatet med standardinnstillingar:

← → ▾ samarbeidet Slå opp 

 **Nynorske synonym**   

Synonym for: **samarbeidet** (*eit samarbeid*) subst
inkjekj eint bf

samspelet (*eit samspel*)     

samvirket (*eit samvirke*)


kompaniskapen (*ein kompaniskap*)

kooperasjonen (*ein kooperasjon*)

For kvart synonym finst det tilleggsmasjion. Vi tek utgangspunkt i synonymet *samspelet*:

Ordforklaring viser deg med andre ord kva ordet tyder.

← → ▾ samarbeidet Slå opp 

 **Nynorske synonym**   

Synonym for: **samarbeidet** (*eit samarbeid*) subst
inkjekj eint bf

samspelet (*eit samspel*)     

1. det å spele saman

2. det at fleire ting, faktorar verkar saman

Kjelde: Nynorskordboka


samvirket (*eit samvirke*)

kompaniskapen (*ein kompaniskap*)

kooperasjonen (*ein kooperasjon*)

Her kan det vere fleire linjer med alternative tydingar av ordet. Ordforklaring hentar du fram når du treng å vurdere kva nynorskord som passar best i teksten du skriv.

Bøying. Her kan du sjå alle bøyingsformene ordet har:



The screenshot shows a web interface for a Nynorsk synonym dictionary. At the top, there is a search bar containing the word "samarbeidet" and a "Slå opp" button. Below the search bar, the interface displays the title "Nynorske synonym" and a green header bar with navigation icons. The main content area shows the synonym for "samarbeidet" as "samspelet (eit samspel) subst inkjekj eint bf". Below this, there are two numbered definitions: "1. det å spele saman" and "2. det at fleire ting, faktorar verkar saman". The source is cited as "Kjelde: Nynorskordboka". A table below the definitions shows the inflection of the word "samspelet".

		subst inkjekj
eint ubf	<i>eit</i>	samspel
eint bf	<i>det</i>	samspelet
fl ubf	<i>fleire</i>	samspel
fl bf	<i>alle</i>	samspela

Below the table, there are three more synonyms listed: "samvirket (eit samvirke)", "kompaniskapen (ein kompaniskap)", and "kooperasjonen (ein kooperasjon)".

Oppe til høgre på tittellinja til ordboka står det 2 piler som peikar opp eller ned. Desse kan brukast til å hente fram alle nivåa på ein gong, eller å skjule alle.

Oppslag på tvers av ordbøker

Det er ikkje alltid like lett å vite om eit ord er lovleg i rettskrivinga eller om det er bokmål eller nynorsk. Dersom du abonnerer på fleire ordbøker, søker *Ordrik* på tvers av ordbøkene og viser aktuelle resultat frå kvar ordbok.

Det er også mogeleg å stille programmet inn slik at det viser informasjon frå deaktiverte ordbøker, dersom ordet ikkje finst i dei aktive ordbøkene.

Eit eksempel: Søk på ordet *beskyttelse*. Lisensen din gjeld alle ordbøker, men berre *Nynorsk ordbok* er aktiv. *Ordrik* gir melding om null treff på nynorsk, men viser resultat fra den deaktiverte *Bokmål ordbok*, i tillegg til aktuelle nynorske avløyssarord frå den deaktiverte *Bokmål til nynorsk ordbok*.



beskyttelse

Slå opp



Nynorsk



(Ingen nynorskord for oppslagsordet "beskyttelse")



Bokmål



beskyttelse (*en beskyttelse*) subst hankj ent ubf

		subst hankj
ent ubf	<i>en</i>	beskyttelse
ent bf	<i>den</i>	beskyttelsen
fl ubf	<i>flere</i>	beskyttelser
fl bf	<i>alle</i>	beskyttelsene



Bokmål til nynorsk



Nynorsk for: **beskyttelse** subst hankj ent ubf

vern (*eit vern*)

hjelp (*ei hjelp*)

sikring (*ei sikring*)

sikring (*ei/ein sikring*)

forvaring (*ei forvaring*)

forsvar (*eit forsvar*)

livd (*ei livd*)

omsorg (*ei omsorg*)

varetekt (*ei varetekt*)



Nynorske synonym



(Ingen nynorskord med nynorske synonym for oppslagsordet "beskyttelse")

Innstillingar

Den store informasjonsmengda i *Ordrik* kan tilpassast ulike brukssituasjonar gjennom menyen *Innstillingar*. Det er også mogeleg å høgreklikke på ulike informasjonsblokker og få opp dei aktuelle innstillingane. Du får opp ein dialogboks, som med nynorsk brukargrensesnitt ser slik ut:



Innstillinger for Ordrik

Søk i disse ordbøkene. Dra titlane opp eller ned for å endre rekkjefølgja i resultatet som blir vist.

- Nynorsk
- Bokmål
- Bokmål til nynorsk
- Nynorske synonym

Programbruk Språkmal nynorsk Historiske data

- Vis treff frå alle ordbøker når oppslagsordet ikkje er funne i dei ordbøkene du har vald
- Vis alltid informasjon på startside

Språk i brukargrensesnitt Nynorsk

Skift automatisk mellom vassrett og loddrett vising av oppslag

Vis minigrammatikk til høgre for oppslag i vassrett vising

Søkjeresultat

Nynorsk Bokmål Bokmål til nynorsk Nynorske synonym

- Skjul resultat og vis samandrag
- Nære synonym Ordforklaring Inga ▾
- Grunnform med leietekst Bøying Standard ▾
- Vis leietekst framfor bøygd form i bøyningstabell Vis leietekst etter bøygd form i bøyningstabell

Lagre

Avbryt

Standardverdi


Utval av ordbøker

Ordrik har eit brukargrensesnitt som kan lese informasjon frå ulike ordbøker. Kvar ordbok krev lisens, eventuelt felleslisens. Dei ordbøkene du har lisens for, blir viste i feltet øvst i boksen. Gjennom å krysse av i ruta framfor tittelen aktiverer du søk i ordboka.

Det er mogeleg å endre rekkjefølgja på ordbøkene i resultatet gjennom å dra ordbøkene opp eller ned i feltet.

Du får tilgang til dei same innstillingane på knappen  til høgre for søkjefeltet.

Trykk på knappen  dersom du berre vil gjere endringar for det neste søket. Bruk knappen  for å gjere endringane permanente.




Brukargrensesnitt

Brukargrensesnittet har ulike alternativ for omfang av søk:


Vis treff frå alle ordbøker når oppslagsordet ikkje er funne i dei ordbøkene du har valt

Kryssar du av i ruta framfor denne leieteksten, søker *Ordrik* i alle ordbøker du har lisens for, sjølv om desse ikkje er aktive.


Du kan i tillegg velje **Språk i brukergrensesnittet**. Vel mellom *Bokmål*, *Nynorsk*, eller *Standard*, som er språket som er sett i Windows.




Vising av resultat Du kan velje korleis resultatet skal visast på skjermen. Standardinnstillinga er at ordbøkene blir vist under kvarandre.



Du kan veksle mellom: **Vis oppslag loddrett** – ordbøkene blir vist under kvarandre. **Vis oppslag vassrett** - ordbøkene blir vist ved sida av kvarandre. **Skift automatisk mellom vassrett og loddrett visning av oppslag** – dersom du forstørrar vindaugget *Ordrik* blir vist i, går programmet automatisk over i vassrett vising.

Vising av minigrammatikk Minigrammatikken er alltid tilgjengeleg på knappen  når du peikar på eit resultatord. I tillegg kan du i vassrett vising få grammatikken opp i ei rute ved sida av ordbøkene. Du kan velje mellom *høgre*, *venstre* eller *inga vising*.



Innstillingar søkjerresultat

Kvar ordbok har sitt eige sett av innstillingar, der du kan velje kva informasjon du ønskjer skal bli vist i søkjerresultatet. Slik kan du tilpasse søket til bruksbehovet. Knappen *Standardverdiar* set innstillingane tilbake til basisverdiane i programmet. Set eller fjern krysset i ruta framfor leieteksten for å slå alternativet på eller av. **Merk!** Standardinnstillingane er ulike for dei forskjellige ordbøkene.

Nære synonym. Nære synonym er ord som har identisk tyding, men som har alternative skrivemåtar. Bakgrunnen for dette er bruken av ulike former i dialektane, og skriftspråket speglar talemålet.

Grunnform med leietekst. Søkjer du med ei bøygd ordform, viser *Ordrik* tilsvarande bøyingsform i resultatet. Her kan du velje å vise den ubøygde forma av ordet i parentes etter resultatordet, for eksempel *køyrer (å køyre)*.

Ordforklaring. Her får du ein detaljert omtale av kva resultatordet tyder. Som oftast har det fleire ulike meiningar. Du kan velje mellom å vise *Ingen* eller *Alle*.


Bøying. *Ordrik* *Ordrik* kan vise alle registrerte bøyingsformer av ordet. Ikkje alltid har vi behov for å sjå alt. Du kan velje å vise *Ingen*, som skjuler alle bøyingsformer, og *Utvida*, som viser alle. Alternativet *Standard* viser dei formene som tradisjonelt blir viste i norske grammatikkar og ordlister, fire for substantiv, fire for verb og fire for bøyning av adjektiv i kjønn og tal.

Vis leietekst framfor bøygd form i bøyningstabell. Alternativet viser hjelpetekst framfor resultatet, for lettare å kunne tolke bøyingsinformasjonen, for eksempel i preteritum verb: *i går køyrde*, i staden for berre *køyrde*.


Vis leietekst etter bøygd form i bøyningstabell. Viser hjelpetekst etter det bøygde ordet, for lettare å kunne tolke bøyingsinformasjonen, for eksempel i perfektum partisipp hankjønn verb: *ein køyrd (subst hankj)* i staden for berre *køyrd*.

Skjul resultat og vis samandrag. Dette alternativet skjuler all informasjon i ordboka og viser berre informasjon om mengda treff i ordbokstittelen. Alternativet er særleg aktuelt når du primært søker i berre ei ordbok, men samtidig vil vite om ordet også finst i dei andre ordbøkene.

Innstillingar på høgreklikk

Dei fleste innstillingane under menyen Innstillingar kan du også nå gjennom høgreklikk på tittelinja til den einskilde ordboka eller på nynorskordet. Endringar med høgreklikk gjeld vanlegvis berre det eine oppslaget, men du kan gjere endringane permanente gjennom å bruke valet  Standarinnstilling.

Slik ser det ut når ein høgreklikkar i resultatet etter oppslag av ordet *høgskole*:



The screenshot shows the Nynorsk dictionary interface. At the top, there is a search bar with the word "høgskole" and a "Slå opp" button. Below the search bar, the word "høgskole" is displayed with its grammatical information: "(ein høgskole) subst hankj eint ubf". A context menu is open over the word, listing various options:

- Språkmal for "høgskole" >
- Nære synonym for "høgskole" >
- Ordforklaringar for "høgskole" >
- Bøyingsformer for "høgskole" >**
 - Skjul bøyning
 - Vis standardbøyning
 - Vis alle formene
- Historiske data for "høgskole" >
- Informasjon om "høgskole" >
- Standardinnstilling >**
 - Skjul bøyning
 - Vis standardbøyning**
 - Vis alle formene

Tekniske krav

Ordrik kan kjørast på operativsystema Windows , Mac OS X fra og Linux. For oppdaterte detaljar, sjå Nynodata si heimeside. [<http://nynodata.no/>] Programmet treng ca 200 Mb plass på harddisken til lagring av filer.

Om Ordrik

Rettsshavar

Rettsshavar til *Ordrik*® er **Nynodata AS**.

Adresse: Gullbringvegen 20, 3800 Bø i Telemark

Telefon: +47 - 35 95 01 50

Heimeside: www.nynodata.no

e-post: firmapost@nynodata.no

Godkjenning

Nynodata sine ressursar for bokmål ordbok og nynorsk ordbok med rettskriving og bøyning er gjennomgått og godkjende av Språkrådet.

Kjelder

Ordrik® bruker informasjon frå ulike kjelder etter løyve. Informasjonen er integrert i produktet av Nynodata AS, og dei ulike kjeldeleverandørane står ikkje ansvarleg for resultatet av integrasjonen og ulike data. Kjeldene er:

- Elektronisk utgåve av Nynorskordboka, Bokmålsordboka og Norsk ordbank, utarbeidde ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier (ILN) ved Universitetet i Oslo, i samarbeid med Språkrådet.
- Tospråkleg ordliste bokmål til nynorsk, utvikla av Nynodata AS.
- Tilleggsordliste for nynorsk, utvikla av Nynodata AS.
- Bøyningssystem for bokmål og nynorsk, utvikla av Nynodata AS.
- Nynorsk synonymordliste (1993) frå Dag og Tid og Åsmund Forfang.

Forkortingar

Ordrik Ordrik bruker følgjande grammatiske forkortingar:

Forkorting	Tyding
adj	adjektiv
adv	adverb
akk	akkusativ
bf	bestemt form
determ	determinativ
eiged	eigedomspronomen
eint	eintall
fl	fleirtall
gen	genitiv
hankj	hankjønn
hokj	hokjønn
imp	imperativ
inf	infinitiv
inf.merke	infinitivsmärke
interj	interjeksjon
inkjekj	inkjekjønn
komp	komparativ
konj	konjunksjon
kvant	kvantor (mengdeord)
nom	nominativ
peik	peikande
perf.part	perfektum partisipp
pers	personleg
pos	positiv

Forkorting	Tyding
prep	preposisjon
pres	presens
pres.part	presens partisipp
pres.perf	presens perfektum
pret	preteritum
pron	pronomen
refl	refleksivt
res	resiprokt
sbu	subjunksjon
sp	spørjeord
subst	substantiv
sup	superlativ
ubf	ubestemt form

Nynorsk minigrammatikk

I denne minigrammatikken tek vi først og fremst opp problem som ut frå erfaring skaper vanskar for elevar. For å ikkje misse oversikt over stoffet, har vi derfor utelate ein del lite brukte former og bøyingsklasser. Grammatikken er tenkt som hjelp til systematisering, slik at bruken av ordlister eller ordbøker blir enklare. Vi håper med dette å kunne bevisstgjere elevar på spesielle rettskrivingsproblem i nynorsk.

Ordklasser

Alle ord på norsk tilhøyrer ei ordklasse. Dersom du lærer å plassere eit ord i ei bestemt ordklasse, er det lettare å skrive korrekt, anten du lærer å skrive norsk eller framandspråk.

Tre av klassene er opne. Det vil seie at ein kan lage nye norske ord for desse klassene, og mange nye ord blir lagde til språket kvar einaste dag. Resten av ordklassene er lukka og inneheld ei fast mengde ord. Desse er lette å få oversikt over og skaper lite problem for den som skriv.

Nokre av ordklassene har nyleg fått nye namn og dette kan verke forvirrande for mange. Vi tek med både dei offisielle ordklassenamna som gjeld no og namn som har vore brukte før.

Lukka ordklasser

Dei lukka ordklassene har ei fast mengd ord på norsk og blir ikkje utvida. Dei har heller ikkje vanleg bøyning.

Adverb

Ord som står til verbet og omtalar dette nærare, kallar vi adverb. I setninga *Ho sykla ofte til skulen*, seier *ofte* noko om syklinga til jenta. Eller vi kan seie: *Ho sykla ikkje. Ho sykla heim. Ho sykla sjeldan*. Her er *ikkje*, *heim* og *sjeldan* adverb.

Konjunksjon

Ordklassa inneheld sideordningsord som knyter saman fleire delar av setninga.

Eksempel: *Dei prata og lo, men dei lo ikkje av meg.* Ordet *og* bind saman to verb, og *men* bind saman to setningar.

Dei vanlegaste konjunksjonane er *og, men, eller, for*.

Subjunksjon

Ord som innleier ei leddsetning (undersetning) blir kalla subjunksjonar (tidlegare underordna konjunksjonar). Leddsetningar kan ikkje stå åleine, men må ha ei hovudsetning knytt til seg.

Eksempel: *Då guten kom heim, venta hunden på han.* Ordet *då* er her subjunksjon, og vi ser at dei fire orda før kommaet ikkje kan stå åleine. Vi kan også skrive: *Hunden venta på guten då han kom heim.*

Andre subjunksjonar er *når, at, dersom, fordi, som* m.fl. Infinitivsmerket *å* høyrer også til denne ordklassa.

Pronomen

Ord som kan erstatte substantivet i ei setning, blir kalla pronomen.

Eksempel: *Ola og Kari var gode venner, og dei leika og lo mykje saman.* Ordet *dei* er her eit personleg pronomen.

Andre typar pronomen er:

Spørjepronomen (*kven, kvar, kva*): *Kven* var det som lo?

Resiproke pronomen (*einannan, kvarandre*): *Dei* lo av *kvarandre*.

Refleksivt pronomen (*seg*): *Dei* lo *seg* halvt i hel.

Determinativ

Ordklassa kan også kallast bestemmarord, fordi dei bestemmer eller avgrensar eit innhald nærare. Ver merksam på at til denne ordklassa høyrer mange ord som tidlegare blei kalla pronomen. Vi har fleire undergrupper:

Possessiv (eigedomord): *min, din, vår* m.fl.

Demonstrativ (peikeord): *den, det* m.fl.

Kvantor (mengdeord): *ein, ei, eit* (artikkel); *fem, seks, sju* m.fl. (talord); *ingen, alle* m.fl.

Preposisjon

Dette er småord som viser korleis ulike ledd i setninga står i forhold til kvarandre, eller kvar noko eller nokon er.

Eksempel: *Han reiste med toget til byen.* Orda *med* og *til* er her preposisjonar.

Interjeksjon

Ordklassa blir også kalla utropsord og kan stå åleine i ei setning.

Eksempel: *Hei! Uff!*

Opne ordklasser

Dei tre opne ordklassene er substantiv, verb og adjektiv. Litt forenkla kan ein seie at substantivet viser kva noko heiter, adjektivet viser eigenskapen til eit substantiv og verbet viser til ei handling.

Substantiv

I gamle grammatikkar blei substantivet kalla *namnord*, for å vise at namnet på tingen var det sentrale. Vi har to slag substantiv:

Eigennamn (også kalla særnamn). Desse skal alltid skrivast med stor forbokstav, som *Oslo, Kari, Per*. Eigennamna er ubøygde.

Fellesnamn (også kalla samnamn). Dette er den største gruppa, og eksempel er *by, jente, gut, håp*. Fellesnamna blir bøygde i eintal og fleirtal, og i bestemt og ubestemt form.

Kjønn

Substantiva på nynorsk deler vi i tre ulike genus eller kjønn, hankjønn, hokjønn og inkjekjønn. Slik er det også i dei aller fleste norske dialektar, bortsett frå Bergen

by, som manglar hokjønn. Men påverknad frå bokmål gjer at mange har problem med å velje rett kjønn for ordet. Derfor – er du i tvil, slå opp i ordlista!

Spesielle problem

- Mange ord som på bokmål er felleskjønn (hankjønn eller hokjønn), har på nynorsk berre eitt kjønn. På bokmål kan ein skrive *en bok/boken* eller *ei bok/boka*. På nynorsk heiter det berre *ei bok/boka*.
- Ord for levande vesen følgjer som regel det biologiske kjønn: *ein bror/ei søster, ein hane/ei høne*. Men manglar ein ulike ord for det biologiske kjønn, blir det ingen skilnad: *ein hanntiger/ein hotiger*.
- Fleire substantiv endrar kjønn frå bokmål til nynorsk: *et sted, et hjem* (bokmål) / *ein stad, ein heim* (nynorsk).

Bøyingsformer

Kvart kjønn av substantiva blir bøygd i 4 ulike former, bestemt og ubestemt form i eintal og fleirtal.

Ubestemt eintal, *hage*. Dette er den ubøygde forma vi slår opp i trykte ordlister. Framfor denne forma kan vi setje determinativet (artikkelen) *ein, ei* eller *eit*. (I *Ordrøk* kan du søkje med fulle former.)

Bestemt eintal, *hagen, boka, huset*. Vi legg endinga –en, –a eller –et til stamma av ordet. Stamma er lik den ubøygde forma, minus eventuell e på slutten. Stamma i *hage* er *hag*.

Ubestemt fleirtal, *hagar, bøker, hus*. Vi legg endinga –ar eller –er til stamma, som også kan ha omlyd. Inkjekjønnsord får aldri ending i denne forma på nynorsk, men er lik ubestemt eintal.

Bestemt fleirtal, *hagane, bøkene, husa*. Vi legg endinga –ane, –ene eller –a til stamma, som også kan ha omlyd.

Hankjønn

Dei fleste hankjønnsord legg desse endingane til stamma: –en, –ar, –ane. Dette er hovudregelen. Nokre grupper av ord kan i tillegg ha –er, –ene i fleirtal. Merk at nokre ord misser dobbelkonsonant i fleirtal.

Eksempel på bøyning hankjønnsord:

Eintal		Fleirtal	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
bil	bilen	bilar	bilane
hage	hagen	hagar	hagane
gjest	gjesten	gjester/gjestar	gjestene/gjestane
sykkel	sykkelen	syklar	syklane
liter	literen	liter	literane/litrane
ljå	ljåen	ljår/ljåar	ljårne/ljåane

Hokjønn

Hokjønnsorda legg normalt desse endingane til stamma: -a, -er, -ene, men ord som endar på ing, får -ar, -ane i fleirtal. Merk at nokre ord misser konsonant i fleirtal eller får valfrie former.

Eksempel på bøyning hokjønnsord:

Eintal		Fleirtal	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
bygd	bygda	bygder	bygdene
jente	jenta	jenter	jentene
dronning	dronninga	dronningar	dronningane
hei	heia	heiar/heier	heiane/heiene
glo	gloa	glør	glørne
syster	systema	systerer	systrene

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda legg desse endingane til stamma: -et, -, -a. Merk at ubestemt fleirtal manglar ending og er lik ubestemt eintal. Merk også at nokre ord som endar på -el får samandraging i bestemt form fleirtal.

Eksempel på bøyning inkjekjønnsord:

Eintal		Fleirtal	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
hus	huset	hus	husa
eple	eplet	eple	eplea
døger	døgeret	døger	døgera
våpen	våpenet	våpen	våpena
fengsel	fengselet	fengsel	fengsla
teater	teateret	teater	teatera

Manglar fleirtal

For ein del ord er det unaturleg å lage fleirtalsformer. Det gjeld for eksempel ord som *feber*, *mjølk* og *undervisning*. Desse har berre eintalsformer i ordlista.

Verb

Verbet viser til ei handling og blei før kalla *gjerningsord*. Eksempel er *køyre*, *sende*, *hoppe*. Dei fire vanlege bøyingsformene for verbet er:

Infinitiv, *køyre*. Dette er den ubøygde forma vi slår opp i trykte ordlister. Dei verbformene vi kan setje å framfor, er infinitiv, *å køyre*.

Presens, *køyrrer*. Presens viser ei handling som skjer nett no, i *notid*. Forma viser også noko som skjer regelmessig eller som gjentek seg: *Vi køyrrer bil altfor ofte*.

Preteritum, *køyrrde*. Forma viser noko som har skjedd og blei før kalla *fortid*.

Perfektum partisipp, *køyrrt*. Forma viser ei avslutta handling. Eit viktig kjenneteikn er at vi kan setje hjelpeverbet *ha* framfor verbet og får då **presens perfektum**, *har køyrrt*, eller **preteritum perfektum**, *hadde køyrrt*.

Det er desse fire bøyingsformene ein til vanleg finn i ordlistene. Men i tillegg har vi fleire verbformer som er vanleg i tekstane:

St-form, *køyrrast*. Dette er ei form som på nynorsk ikkje kan brukast åleine, men berre saman med modale hjelpeverb, som for eksempel *skal*, *vil*, *kan*, *må*. Vi kan skrive: *Bilen må køyrrast i lågt gir*, men ikkje: * *Bilen køyrrast i lågt gir*.

Imperativ, *køyr*. Her gir vi ein ordre og forma blei derfor tidlegare kalla *bydeform*. Som oftast fjernar vi e-en til slutt i verbet for å få imperativforma. Nokre verb har ein imperativ som er lik infinitiv.

Adjektiviske former, *ein kjørd bil*. Her fungerer verbet som eit adjektiv og blir derfor bøygd etter kjønn og tal på substantivet det står til (samsvarbøying), *ein kjend person, eit kjent namn, kjende bøker*.

Eksempel på bøyning verb

<i>Type</i>	<i>Infinitiv</i>	<i>Presens</i>	<i>Preteritum</i>	<i>Presens perfektum</i>	<i>Verbtype</i>
a	å kaste/kasta	kastar	kasta	har kasta	a-verb
b	å kjøpe/ kjøpa	kjøper	kjøpte	har kjøpt	e-verb
c	å lære/læra	lærer	lærte	har lært	e-verb
d	å byggje/ byggja	byggjer	bygde	har bygd/ bygt	e-verb
e	å dømme/ dømma	dømmer	dømde/ dømte	har dømt	e-verb
f	å tru	trur	trudde	har trudd/ trutt	kortverb
g	å telje/telja	tel	talde	har talt	j-verb
h	minnast	minnest	mintest	har minst	st-verb
i	å springe/ springa	spring	sprang	har sprunge	sterkt verb

Merk at for alle verb som endar på –e i infinitiv, finst det ei parallell form på –a. Desse er valfrie former, men ein bør vere konsekvent og bruke berre ei av dei. Unntaket er bruk av kløyv infinitiv, som er vanleg i aust-norske dialektar, der nokre verb endar på –a, som *vera*, og andre på –e, *kaste*. Elevar som har kløyvd infinitiv i dialekten, kan følgje dialekten sin. Andre bør unngå å bruke denne infinitiven.

Merk deg også dette:

- a. Klassa a-verb dekkjer ein stor del av verba i nynorsk. Ho er enkel å lære og gir få feil.
- b. og c. Gjeld e-verb med –te i preteritum.
- d. Gjeld e-verb med –de i preteritum.
- e. Gjeld e-verb med valfritt –de/-te i preteritum.
- f. Kortverb manglar ending i infinitiv.
- g. J-verb har inga ending i presens og får -de i preteritum.
- h. St-verb endar på -ast i infinitiv og inneheld ei avgrensa gruppe ord. Dei må ikkje forvekslast med passivforma av dei andre verba. Ein vanleg feil er å bruke infinitiv i staden for presens. Det er altså ikkje lov å skrive: * *Vi minnast våre døde*. Det korrekte er: *Vi minnest våre døde*.
- i. Sterke verb får bortfall av -e og står att med berre stamma i presens. Sterke verb får omlyd i preteritum og presens perfektum.

Spesielle problem verbbøying

- Eit vanleg problem når det gjeld bøying av verb på nynorsk, er samanblanding av endingane -ar og -er i presens. Mange vel –ar fordi det høyrst meir "nynorsk" ut. Dette blir feil. Rådet er: Sjå på preteritum for å finne presensforma. Finn du endinga –te eller –de i preteritum, *tenkte/bygde*, skal du ha –er i presens, *tenkjer/byggjer*. Finn du –a i preteritum, *kasta*, får du –ar i presens, *kastar*.
- Dette gjeld også verb som endar på –ere, som alltid er e-verb og får –er i presens, som *registrere – registrerer*. Denne forma er ulik det som er vanleg i talemålet i delar av Austlandet.
- Ein svært vanleg feil i verbbøyinga skuldast at stavekontrollane ikkje kan bestemme ordklasse ut frå plassen ordet har i setninga. Setninga * *Vi køyrar bil til fjells i påska* blir av stavekontrollen ikkje retta til det korrekte *Vi køyrer..*, fordi det finst eit substantiv som heiter *køyrar*. Det same gjeld setninga **Elevane hopper godt på ski*, som burde bli korrigerert til *Elevane hoppar godt på ski*. Men ordet *hopper* på nynorsk er fleirtal av *hoppe*, i tydinga høhest, og blir derfor godkjent av stavekontrollen.
- Parverb. Eit verb kan vere transitivt og ta objekt, medan andre er intransitive. Det siste viser resultatet av handlinga hos det første. Eksempel: Ho *brente*

lys i stova (transitivt). Lyset *brann* i stova (intransitivt). Slike verb kallar vi parverb. For å skilje, tenk etter: Uttrykkjer verbet ei handling eller resultatet av handlinga? Vanlege parverb er (det transitive først): leggje/liggje, setje/sitje, brenne-brente/brenne-brann, hengje- hengjer/henge – heng, knekkje – knekte/knekke – knakk, sprekkje – sprekte/sprekke –sprakk.

- Nokre svake verb på bokmål har sterk bøyning på nynorsk, og omvendt. Her gjer mange feil. Typiske eksempel:

Bokmål	Nynorsk
lese - leste	lese - las
drepe - drepte	drepe - drap
skine - skinte	skine - skein
grav - gravde	grave - grov
treffe - traff	treffe - trefte
tvinge - tvang	tvinge - tvinga
hjelp - hjalp	hjelp - hjelpte

Adjektiv

Adjektivet viser eigenskapen til eit substantiv og blei før kalla *eigenskapsord*. Eksempel er *raud*, *snill*, *mjuk*. Adjektiva får bøyning etter kva substantiv dei omtalar (samsvarbøyning): *ei raudt hus*. Eller dei blir bøygd etter kor sterk eigenskapen er (gradbøyning): *ei mjukare dyne*.

Gradbøyning

Gradbøyninga viser altså graden av eigenskapen adjektivet uttrykkjer. Her har vi formene positiv, komparativ og superlativ. Graden kan også uttrykkjast med hjelpeorda *meir* og *mest*. Eksempelord: *grøn* og *mosegrøn*.

Positiv	Komparativ	Superlativ
grøn	grønare	grønast
mosegrøn	meir mosegrøn	mest mosegrøn

Samsvarbøying

I graden positiv blir adjektivet i tillegg bøygd i kjønn og tal etter substantivet det står til. Merk at feil her blir ikkje fanga opp av stavekontrollane.

Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
ein grøn bil	ei grøn bok	eit grønt hus	grøne dører
ein open bil	ei open bok	eit ope/opent hus	opne dører
ein norsk bil	ei norsk bok	eit norsk hus	norske dører
ein blå bil	ei blå bok	eit blått hus	blå/blåe dører

Bokmål minigrammatikk

I denne minigrammatikken tar vi først og fremst opp problemer som ut fra erfaring skaper vansker for elever. For ikke å miste oversikt over stoffet, har vi derfor utelatt en del lite brukte former og bøyingsklasser. Grammatikken er tenkt som hjelp til systematisering, slik at bruken av ordlister eller ordbøker blir enklere. Vi håper med dette å kunne bevisstgjøre elever på spesielle rettskrivingsproblemer i bokmål.

Ordklasser

Alle ord på norsk tilhører ei ordklasse. Dersom du lærer å plassere et ord i ei bestemt ordklasse, er det lettere å skrive korrekt, enten du skal skrive på norsk eller på et fremmedspråk.

Tre av klassene er åpne. Det vil si at en kan lage nye norske ord for disse klassene, og mange nye ord blir lagt til språket hver eneste dag. Resten av ordklassene er lukka og inneholder en fast mengde ord. Disse er lett å få oversikt over og skaper små problemer for den som skriver.

Noen av ordklassene har fått nye navn og dette kan være forvirrende for mange. Vi tar derfor med både de ordklassenavna som gjelder nå og navn som har vært brukt før.

Lukka ordklasser

De lukka ordklassene har en fast mengde ord på norsk og blir ikke utvida. De har heller ikke vanlig bøyning.

Adverb

Ord som står til verbet og omtaler dette nærmere, kaller vi adverb. I setninga *Hun sykla ofte til skolen*, sier *ofte* noe om syklinga til jenta. Eller vi kan si: *Hun sykla ikke*. *Hun sykla heim*. *Hun sykla sjelden*. Her er *ikke*, *heim* og *sjelden* adverb.

Konjunksjon

Ordklassa inneholder sideordningsord som knytter sammen flere deler av setninga.

Eksempel: *De prata og lo, men de lo ikke av meg.* Ordet *og* binder her sammen to verb, mens *men* binder sammen to setninger.

De vanligste konjunksjonene er *og, men, eller, for.*

Subjunksjon

Ord som innleder ei leddsetning (undersetning) blir kalt subjunksjoner (tidligere underordna konjunksjoner). Leddsetninger kan ikke stå alene, men må ha ei hovedsetning knyttet til seg.

Eksempel: *Da gutten kom heim, venta hunden på han.* Ordet *da* er her subjunksjon, og vi ser at de fire orda før kommaet ikke kan stå alene. Vi kan også skrive: *Hunden venta på gutten da han kom heim.*

Andre subjunksjoner er *når, at, dersom, fordi, som* m.fl. Infinitivsmerket *å* hører også til denne ordklassa.

Pronomen

Ord som kan erstatte substantivet i ei setning, kaller vi pronomen.

Eksempel: *Ola og Kari var gode venner, og de leika og lo mye sammen.* Ordet *de* er her et personlig pronomen.

Andre typer pronomen er:

Spørrepronomen (*hvem, hvor, hva*): *Hvem* var det som lo?

Resiproke pronomen (*hinannen, hverandre*): *De* lo av *hverandre*.

Refleksivt pronomen (*seg*): *De* lo *seg* halvt i hel.

Determinativ

Ordklassa kan også kalles bestemmerord, fordi de bestemmer eller avgrensar et innhold nærmere. Merk at til denne ordklassa hører mange ord som tidligere ble kalt pronomen. Vi har flere undergrupper:

Possessiv (eiendomsord): *min, din, vår* m.fl.

Demonstrativ (pekeord): *den, det* m.fl.

Kvantor (mengdeord): *en, ei, et* (artikkel); *fem, seks, sju* m.fl. (tallord); *ingen, alle* m.fl.

Preposisjon

Dette er småord som viser hvordan ulike ledd i setninga står i forhold til hverandre, eller det viser hvor noe eller noen er.

Eksempel: *Han reiste med toget til byen.* Orda *med* og *til* er her preposisjoner.

Interjeksjon

Ordklassa blir også kalt utropsord og kan stå alene i ei setning.

Eksempel: *Hei! Uff!*

Åpne ordklasser

De tre åpne ordklassene er substantiv, verb og adjektiv. Litt forenkla kan en si at substantivet viser hva noe heter eller blir kalt, adjektivet viser egenskapen til et substantiv og verbet viser til ei handling.

Substantiv

I gamle grammatikker ble substantivet kalt *navnord*, for å vise at navnet på tingen var det sentrale. Vi har to slag substantiv:

Egennavn. Disse skal alltid skrives med stor forbokstav, som *Oslo, Kari, Per*.

Egennavna er ubøyde.

Fellesnavn. Dette er den største gruppa, og eksempel er *by, jente, gutt, håp*.

Fellesnavna blir bøyde i entall og flertall, og i bestemt og ubestemt form.

Kjønn

Substantiva deler vi i tre ulike genus eller kjønn: hankjønn, hunkjønn og intetkjønn. Slik er det også i de aller fleste norske dialekter, bortsett fra Bergen by, som mangler hunkjønn. Men påvirkning fra bokmål gjør at mange har problemer med å velge rett kjønn for ordet. Derfor – er du i tvil, slå opp i ordlista!

Merk!

Hunkjønnsorda kan i tillegg bøyes som hankjønnsord. Dette kalles felleskjønn. Bruker du hunkjønnsformer av et ord, bør du også bruke determinativet *ei*. For hankjønnsord bruker du *en*.

Bøyingsformer

Hvert kjønn av substantiva blir bøyd i 4 ulike former, bestemt og ubestemt form i entall og flertall.

Ubestemt entall, *hage*. Dette er den ubøyde forma vi slår opp i trykte ordlister. Foran denne forma kan vi sette determinativet (artikkelen) *en*, *ei* eller *et*. (Merk at i *Ordrik* kan du søke med fulle former.)

Bestemt entall, *hagen*, *boka*, *huset*. Vi legger endinga *-en*, *-a* eller *-et* til stamma av ordet. Stamma er lik den ubøyde forma, minus eventuell e på slutten. Stamma i *hage* er *hag*.

Ubestemt flertall, *hager*, *bøker*, *hus*. Vi legger endinga *-er* til stamma, som også kan ha omlyd. Noen intetkjønnsord har ingen ending i denne forma, som f.eks. *et hus* – *flere hus*. Andre har valgfri bruk av ending, *flere problem* eller *problemer*. En siste type har obligatorisk ending, som *et eple* – *flere epler*.

Bestemt flertall, *hagene*, *bøkene*, *husa/husene*. Vi legger endinga *-ene* til stamma, som dessuten kan ha omlyd. De fleste intetkjønnsord har valgfri ending *-ene* eller *-a*.

Bøying hankjønn

De fleste hankjønnsord legger disse endingene til stamma: *-en*, *-er*, *-ene*. Dette er hovedregelen. Noen grupper av ord mangler ending i flertall, og noen mister dobbeltkonsonant i flertall.

Eksempel på bøying hankjønnsord:

Ental		Flertall	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
bil	bilen	biler	bilene
hage	hagen	hager	hagene

Entall		Flertall	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
lærer	læreren	lærere	lærerne
sykkel	sykkelen	sykler	syklene
liter	literen	liter	literne
ljå	ljåen	ljåer	ljåene

Bøying hunkjønn

Hunkjønnsorda legger normalt disse endingene til stamma: *-a*, *-er*, *-ene*. Merk at noen ord mister konsonant i flertall eller får valgfrie former.

Eksempel på bøying hunkjønnsord:

Entall		Flertall	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
bygd	bygda	bygder	bygdene
jente	jenta	jenter	jentene
dronning	dronninga	dronninger	dronningene
datter	dattera	døtre/døtrer	døtrene
glo	gloa	glør	glørne
ski	skia	ski/skier	skiene

Bøying intetkjønn

Intetkjønnsorda legger disse endingene til stamma: *-et*, *-er*, *-a* / *-ene*. Merk at ord på bare en stavelse som regel mangler ending i ubestemt flertall og er lik ubestemt entall. Noen ord på flere stavelser har valgfri bruk av ending. Merk også at noen ord som ender på *-el*, *-er* eller *-en* får sammendraging i flertall.

Eksempel på bøying intetkjønnsord:

Entall		Flertall	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
hus	huset	hus	husa/husene

Entall		Flertall	
<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
eple	eplet	epler	epla/eplene
problem	problemet	problem/problemer	problema/ problemene
våpen	våpenet	våpen	våpna/våpnene
fengsel	fengslet/fengselet	fengsel/fengsler	fengsla/fengslene
teater	teatret/teateret	teater/teatre	teatra/teatrene

Mangler flertall

For en del ord er det unaturlig å lage flertallsformer. Det gjelder for eksempel ord som *melk* og *undervisning*. Disse har bare entallsformer i ordlista.

Verb

Verbet viser til ei handling og ble før kalt *gjerningsord*. Eksempel er *kjøre*, *sende*, *hoppe*. De fire vanlige bøyingsformene for verbet er:

Infinitiv, *kjøre*. Dette er den ubøyde forma vi slår opp i trykte ordlister. De verbformene vi kan sette *å* framfor, er infinitiv, *å kjøre*.

Presens, *kjør*. Presens viser ei handling som skjer akkurat nå, i *nåtid*. Forma viser også noe som skjer regelmessig eller som gjentar seg: *Vi kjører bil altfor ofte*.

Preteritum, *kjorte*. Forma viser noe som har skjedd og ble før kalt *fortid*.

Perfektum partisipp, *kjørt*. Forma viser ei avslutta handling. Et viktig kjennetegn er at vi kan sette hjelpeverbet *ha* foran verbet og får da **presens perfektum**, *har kjørt*, eller **preteritum perfektum**, *hadde kjørt*.

Det er disse fire bøyingsformene en til vanlig finner i ordlistene. Men i tillegg har Ordrik med flere verbformer som er vanlig i tekstene:

S-form, *kjøres*. Uttrykker en handling i passiv.

Imperativ, *kjør*. Her gir vi en ordre og forma ble derfor tidligere kalt *bydeform*. Som oftest fjerner vi *-e* til slutt i verbet for å få imperativforma. Noen verb har en imperativ som er lik infinitiv.

Adjektiviske former, *en kjørt bil*. Her fungerer verbet som et adjektiv og blir derfor bøyd etter kjønn og tall på substantivet det står til (samsvarbøying), *en kjent person*, *et kjent navn*, *kjente bøker*.

Eksempel på bøying verb

<i>Type</i>	<i>Infinitiv</i>	<i>Presens</i>	<i>Preteritum</i>	<i>Presens perfektum</i>	<i>Verbtype</i>
a	å kaste	kaster	kasta/kastet	har kasta/ kastet	a-verb
b	å kjøpe	kjøper	kjøpte	har kjøpt	e-verb
c	å leve	lever	levde	har levd	e-verb
d	å bygge	bygger	bygde/ bygget	har bygd/ bygget	e-verb
e	å tro	tror	trodde	har trodd	kortverb
f	å minnes	minnes/mins	mintes	har mintes	s-verb
g	å springe	springer	sprang	har sprunget	sterkt verb

Kommentarer til eksemplene:

- a.** Klassa a-verb dekker en stor del av verba i bokmål. Den er enkel å lære og gir få feil.
- b.** Gjelder e-verb med -te i preteritum.
- c.** Gjelder e-verb med -de i preteritum.
- d.** Gjelder e-verb med -de/-et i preteritum.
- e.** Kortverb mangler ending i infinitiv.
- f.** S-verb ender på -s eller -es i infinitiv og inneholder ei avgrensa gruppe ord. De må ikke forveksles med passivforma av de andre verba.
- g.** Sterke verb får omlyd i preteritum og presens perfektum.

Adjektiv

Adjektivet viser egenskapen til et substantiv og ble før kalt *egenskapsord*. Eksempel er *rød*, *snill*, *myk*. Adjektiva får bøying etter hvilket substantiv

de omtaler (samsvarbøying): *et rødt hus*. Eller de blir bøyd etter hvor sterk egenskapen er (gradbøying): *ei mykere dyne*.

Samsvarbøying

I graden positiv blir adjektivet bøyd i kjønn og tall etter substantivet det står til. Merk at feil her blir ikke fanga opp av stavekontrollene.

Hankjønn	Hunkjønn	Intetkjønn	Flertall
en grønn bil	ei grønn bok	et grønt hus	grønne dører
en norsk by	ei norsk ku	et norsk fjell	norske fjorder
en åpen hage	ei åpen dør	et åpent slott	åpne hender
en nedarvet skikk	ei nedarvet rolle	et nedarvet instinkt	nedarvete/ nedarvede skikker

Gradbøying

Gradbøying viser graden av egenskapen adjektivet uttrykker. Her har vi formene *positiv*, *komparativ* og *superlativ*. Graden kan også uttrykkes med hjelpeorda *mer* og *mest*. Eksempelord: *grønn* og *mosegrønn*.

Positiv	Komparativ	Superlativ
grønn	grønnere	grønnest
mosegrønn	mer mosegrønn	mest mosegrønn